

Saksframlegg

Sakshandsamar: Cornelis Erstad
Arkivsaksnr.: 18/925-7

Arkiv:

Detaljreguleringsplan for tilkomstveg Sogndal transformatorstasjon

* Tilråding:

Forvaltningsutvalet legg detaljreguleringsplan for tilkomstveg Sogndal transformatorstasjon, sist revidert 14.08.2018, ut til offentlig ettersyn og høyring, jamfør plan- og bygningslova § 12-10.

Vedlegg:

1. Plankart, dagsett 14.08.2018
2. Plannotat – planomtale og føresegner, dagsett 14.08.2018

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Norconsult AS utarbeidde i 2011 på oppdrag frå Statnett SF framlegg til detaljreguleringsplan i samsvar med § 12-3 i plan- og bygningslova for tilkomstveg frå Mannsverk i Øvstedalen til Hagafjellet. Planen vart vedteken i Sogndal kommunestyre den 16.02.2012.

Planarbeidet femna om utarbeiding av:

- Detaljreguleringsplan med tilhøyrande planføresegner i samsvar med § 12-3 i plan- og bygningslova
- Planomtale som klargjorde mål, prinsipp og planen sine vesentlege verknader i forhold til miljø, samfunn og rørte partar, interesser og omsyn i samsvar med § 4-2 i plan- og bygningslova
- Risiko- og sårbarheitsanalyse i samsvar med § 4-3 i plan- og bygningslova

Veganlegget er ferdig utbygt, overteke av Statnett 31.10.2014 og vegen er teken i bruk. I samband med detaljprosjektering og bygging vart det føreteke nokre endringar i høve til regulert situasjon.

Den opprinnelege reguleringsplanen regulerte eit belte på om lag 100 m breidde som vegtrasèen kunne leggje beslag på, enten for justering av geometri, eller som mellombels anleggsområde for å sikre gjennomføring av anlegget. Det er ikkje lenger behov for å regulere eit så omfattande areal.

Reguleringsendringa har difor også avgrensa arealet avsett til veg/mellombels anleggsområde slik at det kun er det arealet som skal ervervast til permanent, framtidig veggrunn som inngår i reguleringsplanen.

Slutføring av arbeid med grunnverv og oppmålingsforretningar må avvente endeleg handsaming av reguleringsendring der føremålet er å bringe reguleringsplan i samsvar med «som-bygd» situasjon for veganlegget.

Vurdering:

Reguleringsendringa omfattar reviderte plankart og planføresegner.

Tilkomst for ålmenta på vegen vert trygga gjennom føresegn § 3.1 a. som seier:

KV1 er kommunal veg. KV2 er privat veg, men skal opnast for allmenn ferdsel. Vegen kan stengast med bom for allmenn ferdsel av driftsomsyn eller tryggleikssyn. Når det vert gjeve ferdigattest for vegen skal det vere avklart korleis allmenn ferdsel skal regulerast. Retningslinjer for bruk av vegen skal skiltast.

Kommunen er kjent med at det er usemje mellom ein grunneigar langs veganlegget og Statnett. Hovudparten av usemja er knytt til at delar av veganlegget ikkje er ferdig opparbeid i samsvar med følgjande føresegn i gjeldande reguleringsplan:

- e. Dei naturlege vassvegane som omfattar elv, bekk og bekkesig skal ikkje endrast i områda LNFK4, LNFK5 og LNFK6 på ein slik måte at det verkar inn på stabiliteten i grunnen.
- f. Ved utløp frå kulvert og/eller stikkrenne skal utløpet i området LNFK4, LNFK5 og LNFK6 erosjonssikrast.
- g. Etter at veganlegget er ferdigstilt går arealet 2m utanfor topp skjering/botn fylling tilbake til landbruksnatur og friluftsområde.
- h. Områda LNFK1 – LNFK6 skal revegeterast etter prinsippa om naturleg revegetering frå stadeigne toppmassar.
- i. Matjorda skal takast vare på og leggast i eigne deponi og nyttast som matjord før ferdigstilling.

Figur 1 Utdrag av aktuelle føresegn frå gjeldande plan

Vi har vore på synfaring i dei aktuelle områda saman med grunneigar og teke opp tilhøva med Statnett. Våre observasjonar under synfaringa tyder på at det langs delar av veganlegget er utfordringar knytt til vatn/erosjon og revegetering. I høve kost/nytte-prinsipp meiner Statnett at det ikkje er tenleg å gjere vidare utbetringar her, utover det som allereie er gjort. Statnett er innstilt på framleis dialog med grunneigar for å kompensere grunneigar for skader, eventuelt ei løysing gjennom anleggsskadeskjønn. Kommunen vurderer at denne tvisten mellom grunneigar og Statnett er privatrettsleg og ikkje vedkjem reguleringsplansaka.

Reguleringsendringa fører ikkje til nye vesentlege verknader for miljø, samfunn og rørte partar, interesser og omsyn.

Sogndal, 31.08.2018

Jostein Aanestad
-rådmann-